

Rapport Fylkesstemna for born 2017

Av: Stemmenemnda, Bergen ungdomslag Ervingen

Hordaland Ungdomslag skipar kvart år Fylkesstemna born, som samlar born til ei innhaldsrik helg. I 2017 var Bergen ungdomslag Ervingen lokal tilskipar. Med jamlege møte sidan oktober 2016, kjende nemnda at dei var klar for å ta i mot deltakarane helga 9.-11.juni. Då fyrste deltakarar spurte: «*kor kan eg kjøpe propp til luftmadrassen min?*» skjønte me at me ikkje hadde tenkt på alt!

Bergen ungdomslag Ervingen synes det er viktig at barnestemne blir gjennomført årleg. Me trur barnestemne er ein viktig møteplass for born, men også leiarar, foreldre og instruktørar. Stemna gjev ny inspirasjon og motivasjon til å halda fram med det gode arbeidet heime i lokallaget. Alle i stemmenemnda var tidligare deltakarar på barnestemne, og det er gjerne difor me helt på med folkedans og ungdomslagsarbeid i dag.

Då stemne starta fredag 9.juni var det 111 påmeldte born og vaksne. Deltakarane kom frå Nordbygda ungdomslag, Lindås ungdomslag, Skogn ungdomslag og Fjærland ungdomslag, i tillegg til deltakarar frå arrangørlaget, Bergen ul Ervingen. Dei fekk blåsa opp madrassane sine på Årstad vidaregåande skule, før det var tid for opning av stemna. Nokre viste fram ein dans, medan andre måtte forklara kor langt dei hadde reist. Me fekk også dansa gjennom samdansprogrammet, som deltakarane var kjent med på førehand.

Etter frokosten laurdag morgen var første punkt på programmet rebusløp. Risikosport i Bergen med uteaktiviteter, men sola skinte. Turen gjekk frå skulen til lagshuset Gimle i Bergen sentrum. Undervegs måtte dei ulike gruppene laga song, finna vimplar, ta bilete av statuar og fortelja vitsar. Vel framme i Gimle kom ei praktisk oppgåve – laga båt med eitt A4 ark og legge kronestykker oppi. Nokon meinte turen var lang, andre for kort, uansett – tomatsuppa gjekk ned på høgkant.

Stemnetoget gjekk bak fana til Hordaland Ungdomslag, frå Gimle til Torget. Der framførde borna samdansprogrammet under torgdagen, framfor mange fornøgde tilskodarar. Bergen juniorspelemannslag spelte til dansen.

Tilbake på skulen var det tid for aktivitetar. Borna hadde på førehand vald å vera med på baking, salsa, hoppetaulaging, halling, maling og teikning, speiding eller foto. Etter grillmat var det tid for banrleikfest, her vart det dansa og sunge. Det var veldig kjekt å vera så mange saman i eit festpynta lokale. Å oppleve at me er mange med felles interesse, skapar auka engasjement og bidreg til at borna held fram i ungdomslaget sitt. Då kan ein jo møtast att på neste barnestemne!

Sundagen var det mange trøtte barn og vaksne, det var tydeleg at dei hadde hatt litt for lite søvn. Etter frukost var det ny runde med aktivitetar. Deretter middag og tid for pakking og heimreise.

Me håpar alle deltakarar hadde ein kjekk helg. Nokre høgdepunkt me har hørt om er tur på Fløien, førstehjelpskurs og tur med bybanen. Me sjåast igjen på barnestemne i 2018, og minnar alle på å sjekke om dei har med proppen til luftmadrassen. Eller dei kan håpe at dugnadsfolka er like greie som i Bergen, som gjekk heim for å hente kraftig teip.